

Verste storm som eg har opplevd i Uskedalen!

14.01.2007



Utrulege krefter var i sving på utsida av moloen til båtlaget og den nye piren til 750.000 kroner vart hardt skamfert. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Dette er den verste stormen eg har opplevd under mine 24 år i Uskedalen og verst var det ved fire-tida. Det seier hamnesjef Leon Gundersen til uskedalen.no etter den svært tøffe laurdagsnatta. Då bles det etter manges meining storm med orkan i kasta og det vart betydelege skadar også i vår bygd, spesielt i båthamna.

Utruleg sterke krefter utfalda seg, men så kom da også stormsenteret på land like i nærleiken av oss. Det klåraste dømet finn ein på den nye piren til Uskedal Båtlag, som vart så hardt skada at nokon uttrykkjer tvil om den kan reparerast. Då piren kom på plass sist vår uttala leiinga i båtlaget at utvidinga utanfor moloen var uproblematisk.



Ein traktor på Døsmland vart ikkje øydelagt av uveret – to granar som velta i stormen la seg på kvar si side av den! (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Det er sjeldan veret står på så hardt at det er fare for båtane og dei nye kaiplassane vil bli halde på plass av tunge betongklossar, påpeika leiinga.

Men veret natt til laurdag var ekstremt. Festene mellom tre seksjonar vart vridd og slete av som om dei skulle vera laga av papp og fleire uteliggjarar vart slegne laus. Båtane som låg ved denne piren på utsida av moloen kom stort sett bra frå det, men to seglbåtar som låg lengst ute fekk i høgste grad merka uveret. Den eine fekk reve av festet og vart påført store skader forårsaka av ein avreven uteliggjar. Den andre fekk slete av ei trosse som skal halda 12 tonn.



Den ytste delen av Lønningdalskaien "drukna" under uveret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Her er nokon av dei andre skadane i Uskedalen laurdagsnatta:

*Den ytste delen av den gamle Lønningdalskaien knakk av.

*'Skjørte' som nyleg vart laga på utsida av Sandakaien vart flerra av og ein flåte som låg ved same kai sleit seg og segla ut i vika.

*Eit uthus ved Myklebust-hytta, som ligg utanfor oppvekstsenteret, vart hardt skamfert og materialane spreidd omkring. Det same var tilfellet med ei leikestove i Skårhaug.

*Det hagla takstein frå låven på Dønhaug, men taket fekk ikkje store skadar.

*To mindre båtar 'drukna' ved Øyro Marina.

Av Ola Matti Mathisen



Taket på eit uthus ved Myklebust-hytta vart spreidd omkring. (Foto: Ola Matti Mathisen)